

# Låt o' Link


Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 4

november 2005

Årgang 15

Med dette stemningsbiletet frå julekvelden i fjøset til Nils Rogn ynskjer me alle Låt o' Link-lesarar ei riktig god julehelg, og eit flott folkemusikkår i 2006!



- Låt o' Link jubilerer – 15 år i år!
- Fortryllande Marit
- Gyda på kjempedans i Åbjør
- Eit visjonært skrift om kulturskulen
- Krydra lokalkappleik
- Afrikansk riddar til Strunkeveko

# GODE LESAR AV LÅT O' LINK!

Femten år med helsingar til medlemmene i Valdres Folkemusikklag! Det er flott! Tenk, de har fått Låt o' Link i femten år! Og bladet har vakse seg så stort og innhaldsrikt at helsinga frå Vfl-leiaren kan gjerast kort. Ja, eg har tru på at bladet har ein samlande effekt på medlemsflokken. Litt skjemt, litt alvor og mykje informasjon. Det formidlar ein iver i folkemusikkarbeidet, ein iver som gjer det artig å bruke fri-tida si på møte, samtaler og etter møte. Takk til ei flott redaksjonsnemnd, takk til Nils Leine som har teke arbeidet med formgjeving, og takk til dykk medlemmer som les og finn inspirasjon i det!

Styret for Valdres Folkemusikklag vil ynskje alle lesarar av Låt o' Link ei retteleg god jul, og avkoplante juledagar med mykje spel og dans.

Så går me på att frå årsskiftet, og ynskjer kvarandre eit godt nytt år!

*Oddrun Hegge*

## **Fristar for stoff til Låt o' Link 2006**

- 1/2006: 5. januar
- 2/2006: 1. april
- 3/2006: 25. august
- 4/2006: 15. november

Fristane for stoff til nr. 2–4 kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

## **Kontortider for dei som held til i folkemusikkhuset**

- |            |             |  |
|------------|-------------|--|
| Solveig:   | 61 36 46 71 | Måndag og onsdag 09.00–15.00                     |
| Stian:     | 994 48 486  | Tysdag 10.00–16.00 (i periodar oftare)           |
| Elisabeth: | 61 35 99 32 | Tysdag og onsdag 09.00–15.00                     |
| Ingar:     | 61 35 99 31 | Måndag og torsdag 10.00–14.00                    |
| Knut:      | 61 35 99 30 | Måndag og onsdag 07.45–15.15, fredag 07.45–11.00 |
| Oddrun:    | 61 35 99 30 | Onsdag 10.00–14.00 og fredag 10.00–15.30         |

## **Redaksjon for Låt o' Link:**

Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad

Bråten

Formgjeving: Nils Leine

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37

584

eller på e-post: [aud.soyland@bbnett.no](mailto:aud.soyland@bbnett.no)

# LÅT O' LINK 1990–2005

Redaksjonen i Låt o' Link spurde meg om å skrive eit hyllingsbrev til bladet i høve 15-årsjubileet. Det var jo eit unnseleg ønske, tenkte eg, skal vi kytic av detta fillebladet? Kva er det eigentleg å skryte av? At det framleis er supert å få bladet i postkassa etter 15 år? At Låt o' Link er det einaste bladet eg les før avis Valdres?

Men eg saknar sladrespalta. Kva skjedde eigentleg med henne? Vart ho sensurert bort av dei vaksne redaktørane? Om ikkje i sladrespalta, kvar skal eg elles halde meg oppdatert om kva Oddbjørn finn på, om Bergljot har rota seg borti noko, eller om Steinar Erland har gjort noko dumt? Inn att med sladrespalta.

Vel, vel, eg kan alltid hylle litt, likevel.

Hyll. Og kanskje skal vi setja Mattisgard-Marit også på hylla, for det var vel ho som starta opp bladet, var det ikkje, Marit? Marit var kombinert sekretær for folkemusikklaget og distriktsmusikar-administrator. I Marit si tid på redaktørkrakken var det nok ei sladrespalte.

Namnet, derimot, var det Olav Viken som kom med, eg trur det var ei slags tevling med mange gode og därlege framlegg. Olav hadde det gode framlegget, og som takk fekk han eit livslangt abonnement på bladet.

I oppstarten hadde Låt o' Link ein seriøs konkurrent, særleg på sladrefronten, nemleg PA-posten (Per Anders-posten) i Telemark. Tida viste at Valdres og Låt o' Link hadde eit langt betre produkt, det er snart 10 år sidan PA-posten gjekk inn.


Lev vel i 15 år til.

*Frode Rolandsgard*

## KANDIDATAR TIL HALDOR RØYNES ÆRESPRIS

Nemnda for mingefonda vil gjerne ha framlegg til kandidatar som fortener Haldor Røynes Ærespris. Prisen blir delt ut fredag under festframsyninga på Jørn Hilme-stemnet. I statuttane heiter det at prisen skal delast ut til valdrisar som har arbeidd effektivt for folkemusikk og bygdedans, til dømes personar som har synt stor interesse for å lære seg låttar i god gammal tradisjon, til personar som har arbeidd med innsamling, opplæring, organisasjonsarbeid, eller personar som har spreidd opplysningsar og vist interesse for folkemusikk og folkedans.

Send framlegg til nemnda for mingefonda ved: Elisabeth Kværne, Hjelle, 2910 Aurdal 61 36 51 90/900 45 834 [elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no](mailto:elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no) eller Knut Aastad Bråten, 2900 Fagernes, 907 68 797 [lauskar@hotmail.com](mailto:lauskar@hotmail.com)



*Låt o' link byr på mykje folkemusikkdramatikk!*

# UNGDOMSFEST PÅ TORPO I HALLINGDAL

Hallingadn inviterer danseungdom som går i ungdomsskula og vidaregåande skule, til fest på Torpo laurdag 7. januar 2006 kl 1900–2300. Hit kjem ungdom frå Valdres, Hallingdal, Jølster og Nannestad.

Sundre Jetset: *skakkjørt gamaldans og vonde visu* spelar til dans ... og ei rekke andre gode dansespelemenn! ... halling, springar, gamaldans, breakdans og mykje anna spetakkel heile kvelden.

Inngang: 50 kr. Matsal: Enkel servering

På ettermiddagen vil det bli hallingkurs med Uffe og Martin. Meir info kjem sidan.

Så til strunkar, krullarkroistar, valdrestaktarar og andre... meld dykk på til fest! – til Solveig Hårdnes, tlf. 61 36 46 71/ 90 51 20 55, e-post: [post@valdresfolkemusikklag.no](mailto:post@valdresfolkemusikklag.no) innan 20. desember.

Me vil organisere felles køyring over fjellet. Følg med på heimesidene våre: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

## LOKALKAPPLEIK MED OVERRASKINGAR

Mange valdrisar ligg i hardtrening til lokalkappleiken 2006. Låt o' Link kan allereie no røpe fleire detaljar kring kappleiken. Kari Hagaseth, leiar i Valdreskvelven spel- og dansarlag, fortel til magasinet Låt o' Link at kappleiksapparatet førebur nokre spanande overraskingar i tillegg til kappleiken. Kva desse overraskingane dreiar seg om, vil ikkje Hagaseth eigentleg seia stort om. Magasinet Låt o' Link fekk til slutt pressa ut av henne at det er snakk om ein type vitamininnsprøyting for publikum. Kappleiken blir laurdag 25. mars på den tradisjonelle kappleiksarenaen Åsvang, rett under Slettefjellet. Premieutdelinga blir rett etter kappleiken. Om resultata blir med eller utan poengsummar, har tevlingsapparatet ikkje teke stilling til enno. Hagaseth vil uansett sørge for ein effektiv kappleik.

– Vi vil gjera kappleiken så enkel som mogleg og kjem til å ha færrest mogleg klasser, seier ho. – Utfordringa er likevel å få dei vaksne ut på kappleiksscena.

– Men Kari Hagaseth, kva skal de gjera for å overbevise fleire vaksne om at dei bør delta?

– Ja, sei det. Kan hende blir det eiga klasse for dei som ikkje vil bli dømt. Likevel oppmodar eg sjølv sagt så mange som råd til å delta, seier ho.

Og vips, så vart det oppretta nok ei klasse. Hagaseth seier vidare at det etter kappleiken blir skikkeleg dansefest på vangsvis. Også ein minikonsert er det sett av tid til. Låt o' Link fylgjer oppmodinga frå Hagaseth og vonar på ein flott kappleik med stor deltaking!

# JAKTA PÅ STAMMESKOT!

"Ein veit ingenting framfor seg", heiter det. Nei, det er synd det, for ein del! Tenk om Ragnhild Olsdotter Viken hadde evna å sjå 198 år fram i tid då ho byrja setja eigne stammeskot. Tenk om ho hadde fått oppleva at barnebarnet Jehans i Halden innførde langelektradisjonen i kongehuset, at fleire etterkomrarar har "prøvd seg på leiken", og at eit par har toppa kappleikslistar opptil fleire gonger, henta prisar for spelinga si, har det delvis som levebrød (nett som henne sjølv), og er av dei fremste utøvarane i kongeriket i dag!

De berre må kjøpe Skrautvåls-bindet av Bygdeboka for Nord-Aurdal, berre må ha det! – og supplere med Ranheim og Garli når det kjem i handelen. Der går det nemleg fram at Knut og Ole Aastad Bråten er direkte etterkomrarar etter Ragnhild Olsdotter Viken. Fødde 183 år etter henne som dei er, seier det seg sjølv at låttematerialet ikkje er direkte overført, men ho hadde nok vore stolt som tipptipp-tippoldemor, – om ho berre hadde sett det for seg...

*Oddrun Hegge*

## KULTURSKULEFOKUS

Norsk Kulturskoleråd har invitert alle musikkkulane til nettverkssamling i kulturskulefokus. Lærarane og rektorane i kulturskulane skal gjennom seks samlingar staka ut ein kurs for kulturskulen, auke kvalitet, kvantitet og sikre seg overleving i hardt pressa kommunebudsjett. Prosessen skal munne ut i eit realistisk bilet for 2008. Dette er ein svært nyttig og interessant prosess, og svært viktig for opplæring innanfor folkemusikk og -dans. Det er stor forandring frå då spelelystne ungdomar måtte gå lange vegar og gjerne måtte hjelpe spelkjelda med gardsarbeid for å lære ein latt.

Me vil ikkje attende dit, og det er flott at folkemusikk er likestilt med andre greiner i musikkkulen! Den praktiske læresituasjonen er strukturert, arbeidsgjevarforholda er i gode rammer, ein er ikkje einsam i rolla som formidlar, og eleven er ikkje bondsk, sær eller gamaldags fordi om han brukar tradisjonsinstrument. Det organiserte folkemusikkmiljøet vil gjerne involvere elevane i aktivitetane sine. Dette for at elevane skal få sett musikken inn i ein større samanheng. På den måten følgjer ein opp viktige målsetjingar i høve til bevisstgjering kring identitet, eigenverd og kulturyar.

Ei felles målsetjing for kulturskulen, anten emnet er spel, dans, kunst, teater eller det skrivne ord, er at det skal verke inkluderande, vera det gode samværsmidlet, vera midlet til samspel, til å byggje i lag, glede kvarandre, meistre, øve på sjølvtillit i samband med prestasjon, gje folk ei god kjensle i oppveksten, ei god kjensle for oppvekstmiljøet, eit varmt hjarte for heimstaden anten ein vel å bli verande eller

ein flytter ut seinare i livet.

Svlstig, nei, det er vel dette skulesektoren er ute etter. Gjera dei oppveksande til gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn. Kva slag middel kan me samle oss om? Jau:

- Gode lærarar, som me må syrgje for å gje inspirasjon.
- Praktisk tilrettelegging, hus, øvingstid, instrument osv.
- Gode instrument, og kunnskap om instrumenthelsa.
- Prøve å finne det rette for kvar enkelt elev, og leggje til rette for prøving, for å ”finne seg sjølv”.
- Folkemusikk-Valdres har som mål å trekke til seg ungdomar gjennom valfag i tradisjonsdans på Valdres vidaregåande skule, Strunkeveko, Hilme-stemnet, oppsetjingar i liknande former som ”Bygda dansar”, i håp om å lose dei fram mellom ungdomsskule og vaksen alder.
- Gode førebilete er alltid viktig.

Det er ikkje skissert noko mål om kvantitet. Korleis skal alle utøve musikken/kunsten sin i framtida? Ikkje alt er like anvendeleig til allsong.

Som vår kjære Trygve Bolstad seier det: ”Eg har aldri opplevd at det har funnest nokon storspelemann der det ikkje finst raklespelemenn.” Slik er det overalt, der det er mange aktive på høgst ulike nivå, vil det ofta bli ein som går til topps. Ei sydande, flott, mangfaldig kulturskule kan sleppe fram mange fine topp-utøvarar. Bakom finn ein ulike nivå, og uansett om ikkje alle desse alltid kan opptre og glede andre, så er målet nådd om dei har glede av det sjølve.

*Oddrun Hegge*

## VALFAG I DANS PÅ VIDAREGÅANDE

Stian og Tone kan melde om godt oppmøte og god stemning på valfag i tradisjonsdans på Valdres vidaregåande skule. Mellom 20 og 30 ungdomar møter kvar gong. Alle danseglaide ungdomar over 14 år er velkomne til å møte opp her.

Spelemenn har vore Gunnar Kværne Amundsen og Kjellbjørn Karsrud.



## VELKOMEN HEIM, GYDA!

Me ynskjer langeleikspelaren og museumskvinna Gyda Grøndalen Hoffmann velkommen heim til Valdres. Ho er opphavleg frå Åbjør, men har budd fleire år i Hallingdal. Ho er kjend frå gruppa ”Haugafolk”, i tillegg til at ho arbeider som prosjektansvarleg ved Valdres Folkemuseum. Gyda er ny styremedlem i Jørn Hilme-stemnet.

# UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

## MELD DEG PÅ

UKM 2006 går av stabelen **laurdag 4. februar** i Kulturhuset på Fagernes.

Det deltok totalt 135 ungdommar på kulturmønstringa i fjor. 95 av dei stod på scena, 40 deltok på utstillinga. Det er imponerande!

Medan vi hadde seks ulike rockeband og fem dansegrupper, var det berre to folkemusikk-innslag. Dette håper vi de kan gjere noko med! Vi veit at det finst mange dyktige, unge folkemusikkutøvarar i Valdres – meld dykk på Ungdommens Kulturmønstring I DAG!

UKM er for ungdom mellom 13 og 20 år. Ungdom under 13 år kan delta dersom dei er medlem av ei gruppe med eldre ungdommar.

Du kan melde deg på å ringe kultukonsulenten i kommunen eller ved å klikke på [www.ukm.no](http://www.ukm.no) !

*Anne Strand Moen, kontaktperson for UKM i Valdres*


## TAFATT ÅRSMØTE

Årsmøtet i Landslaget for Spelemenn på Beitostølen gjekk føre seg utan dei store diskusjonane. Kan hende kjem det av at kverulantar frå Telemark mangla? Kven veit, uansett var ikkje årets årsmøte årets høgdepunkt i folkemusikkfamilien.

Leiar i Valdres Folkemusikklag, Oddrun Hegge var sjølvsagt til stades, og seier følgjande om møtet: – Det var mellom anna mangel på diskusjon kring strategiprosessen som vart bestemt i fjor. Styret skal likevel ha honnør for eit breitt og strukturert arbeidsprogram som mellom anna omfattar 7 delmål. Meir om delmåla kan du lesa på Landslaget sine heimesider: [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

Valdrisen Knut Aastad Bråten vart ny styremedlem i Landslaget for spelemenn og har tru på arbeidet i styret.

– Mykje av arbeidet vil vera å føre vidare det viktige arbeidet som allereie er lagt i forhold til strategiprosessane, seier Bråten og legg til: – Styret er sett saman av folk med ulik bakgrunn, noko som er viktig for den heilsakelege folkemusikkprofilen.



*To langeleikgrupper stilte på UKM i fjor. Kvar blir det av dansarane, felespelarane og dei andre frå folkemusikkmiljøet?*

(Foto: Elisabeth Kværne)



### Desember

Fredag 2.	Lindeman-konsert og fredagsdans	OS	Beito gamle skule kl. 19.30
Laurdag 3.	Mehanken (siste gong før jul)	OS	Volbu skule kl. 11
Sundag 4.	Sundagsdans	OS	Spelemannstogo kl. 19
Tysdag 6.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Fredag 9.	Hardingfeleøving, songøving, dansetreff	Vå	Frydenlund i Aurdal kl. 18 junior, kl. 19 senior, kl. 20 dans
Torsdag 15.	Låt o leven	OS	Midtre Hegge kl. 19
Sundag 18.	Sundagsdans	OS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 21.	Dans/kurs	VS/Vkv	Kvamshall kl. 20
Onsdag 28.	Springarfest	Gol/Ål sp.	Torpo kl. 20
Fredag 30.	Sjettedagsfest	OS	Spelemannstogo
Laurdag 31.	Nyttårsfest	OS	Spelemannstogo

### Januar 2006

Fredag 6.	Fredagsdans	OS	Spelemannstogo kl. 19.30
Laurdag 7.	Ungdomssamling	Ål	Ungdomssamling
Sundag 22.	Konsert GamaltNymalt	Vkv/Fmsc	Torsheim i Vang

## GAMALTNYMALT

Konsert på Torsheim i Vang sundag 22. januar 2006 kl. 19.30

GamaltNymalt er samansett av Einar Mjølsnes, Sigrid Moldestad og Håkon Høgemo, som saman har utvikla eit unikt samspel der dei leitar fram andre klangar og fargar som ligg der ein stad mellom understrenger og overstrenger. Mørkt, rått og mystisk er ord ein også kan bruke om denne sjeldne trioen sin musikk. Tre framståande instrumentalistar fører hardingfelemusikken over i ein ny dimensjon. Det kling kraftig frå deira fem-strengs hardingfeler. I seg sjølv ein unik tilvekst i instrumenhistoria for hardingfela i Noreg.

Arrangør: Valdreskvælden spel- og dansarlag og Den Norske folkemusikkscena



# NYTTÅRSFEIRING PÅ HERANGTUNET I ØYSTRE SLIDRE 31. DESEMBER KL 19

Tradisjonen tru inviterer me til nyttårsfest på Herangtunet. I år som i fjor blir det sendingsfest, så me ber alle ta med ei sending til ein flott festbuffé. Gardsbryggeriet i Volbu sørger for lokalprodusert drikke, og som det høver seg ei skikkelig nyttårsfeiring, blir det både kjøkemeister og nyttårstalar. Sjølve årsskiftet blir markert med båltenning, og det nye året blir skote inn. Me stiller med spelemenn av ypparste klasse, og det blir både runddans og bygdedans uti dei små timar. Store og små, gamle og unge er velkomne til ei triveleg nyttårsmarkering.

Arrangør: Øystre Slidre spel- og dansarlag

## I LINDEMANS FOTEFAR

*Songskattar frå Valdres med Marit Mattisgard.*

**Konsert og fest i Beito fredag  
2. desember klokka 19.30 på Gamle Beito  
skule**

På midten av 1800-talet samla Ludvig Mathias Lindemann vokal folkemusikk rundt om i landet. Marit Mattisgard har jobba mykje med dette materialet og tek oss med i Lindemans fotefar i Valdres.

Denne kvelden blir det òg fredagsdans på Gamle Beito skule, og avslutning av springarkurset som har vore i Beito denne hausten. Servering av rakfisk. Velkomne!

*Øystre Slidre spel- og dansarlag*



*Trygve spelte med glød, og Ingar fortalte dramatiske spelemanssøger på konserten på Åbjør grøndehus (Sjå side 15).  
(Foto: Knut Opheimsbakken)*

# EIN RIDDAR FRÅ AFRIKA – TIL STRUNKEVEKO NESTE ÅR!

Trass i avslag på store søknader, rekneskapen for Strunkeveko 2005 syner berre eit lite underskot.

– Dette kan me leva med, seier dagleg leiar Stian Roland og styremedlem Gro Arneng. – Me frykta smallhans og økonomisk uføre, men me har vore flinke til å skjera ned og skrapa inn, seier dei to.

No ser ein framover mot 2006 med stor optimisme. Store, nye prosjekt skal setta sitt preg på Strunkeveko neste år. Kurs i folkedansteater og arrangering av folkemusikk er eit prosjekt som skal munne ut i framsyninga ”Den ungø riddar ifrå Afrika”. Ellen Persvold, Martin Myhr, Jorun Marie Rypdal Kvernberg og Leif Stinnerbom er fire av instruktørane på Strunkeveko neste år.

## JAKTA PÅ DEI KONGELEGE LANGELEIKANE, DEL III

Låt o’ Link sitt grundige arbeid med å kartlegge dei kongelege langeleikane ser ut til å gå mot ein slutt. Og det er no klart at Det kongelege Slott har berre ein leik. ”Dronningleiken”, som no heng på Ringve Museum, tilhørde ein annan majestet, Sigrid Undset. Kvar den bortkomne ”Kongeleiken” tok veggen, er framleis eit mysterium. Slottet har han ikkje.

Den konkurrerande medieverksemda ”Valdres” har i fleire artiklar slege stort opp om langeleikforskinga, noko me ser på som positivt, men kvifor er ikkje Låt o’ Link nemnt med eit ord?

Jehans (lokal form for Johannes, Jehas eller Jahas) i Hall’n (Halden eller Hall’n/Halle som dei seier i Åbjør) gav langeleiken sin til kronprins Olav ein gong på 1920-talet. Denne leiken heng no i ”Prinsehytten”, noko Slottet i Oslo kan stadfeste. Kunsthistorikar Eline Meyer ved Det Kongeleg Slott er sakshandsamar i denne saka. I løpet av vinteren kjem ho innom museet med leiken hans Jehans. Då håpar ho instrumentmakarane vil setta han fint i stand, og kanskje skal me etter ein gong få høyre sølvtonane frå denne gamle Sør-Valdres-leiken?

Låt o’ Link har sjølvsagt sikra seg retten til å få spela på leiken hans Jehans. Jammen skal det bli moro å høyre om ”Gubben Noa” let like fint no som for 90 år sidan. Jehans skal nemleg ha lært burt denne kjende reinlendaren til kronprins Olav. Og kven veit, kanskje lærte han burt eit par dansesteg òg? Som me veit, er det ein danseglad kongefamilie me har, og kan hende er det nettopp ein levande tradisjon etter Jehans i Halle me er vitne til?



## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Læsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langådegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdiginstanadar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank

– tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)

Vang Sparebank

– tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)

Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)

Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)

Salgskontor Fagernes

– tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)



# Mjølkerampa

## ENDRING I STYRESAMANSETJING?

Før årsmøtet i Valdres Folkemusikklag (Vfl) i 2005 drøfta styret om me skulle føreslå ei endring i styresamansetjinga, slik at Valdres Folkemuseum ikkje lenger har ein av dei faste plassane i styret i Vfl. Bakgrunnen for forslaget er at representanten frå museet ikkje har vore ein fullverdig styremedlem som har teke del i arbeidet. Det siste året har museet ikkje eingong nemnt opp ein representant til styret i Vfl. For oss som sit i styret, inneber det ei stor ekstrabelastning. Me skal vera fem faste medlemmer, og då blir det fire som må greie det ein skulle ha fordelt på fem.

Argumentet mot å endre styresamansetjinga er at det er nyttig for museet og Valdres Folkemusikklag å ha denne formaliserte kontakten. Etter mitt syn fell det argumentet bort, når museet ikkje oppnemner nokon styrerepresentant.

Det er forståeleg at dei museumstilsette har nok å drive med, om dei ikkje skal ta på seg eit såpass krevjande styreverv. Ein tanke er å gi museet ein observatør-plass i styret i Vfl, og gjera spesielt merksam på saker som det kan vera interessant for museet å vera med på.

*Aud Søyland, styremedlem i Vfl*

## BRENN DU INNE MED MEININGANE DINE?

Skriv lesarinnlegg til mjølkerampa i Låt o' Link! Frist for neste nummer: 5. januar.

## KOR VART DET AV DISKUSJONSFORUMET?

På årsmøtet i Valdres Folkemusikklag i vår vart det etterlyst eit eige diskusjonsforum. Mellom anna kom det framlegg om å ta ungdomssatsinga opp til diskusjon. Etter ein lang vår, sumar og haust har det enno ikkje skjedd noko. Kjære styret i Valdres Folkemusikklag: vi treng eit levande folkemusikkmiljø med ein levande, underleg og intens debatt! Eg og mange med meg vonar styret får tromma saman ei samling om ikkje lenge, der mellom anna ungdomssatsinga bør opp til diskusjon.

*Tinius frå Trinidad*

# OLAV JØRGEN HEGGE (1941–2005)

Enda ein gong har folkemusikkmiljøet i Valdres tatt avskil med ein spelemann, som fall bort mens han var på sitt beste som utøvar av kunsten sin.

Ekstra vondt er dette fordi vi så inderleg vel hadde hatt bruk for han her. Alle dei yngre sokande og dyktige spelemennene våre trøng han framleis som bindeledd attende til dei som prega tradisjonane våre, som formidlar, læremeister og rettleiar.

Olav Jørgen vokste opp med interessa for museumsarbeid i heimen og med folkemusikken som ein naturleg del av kvardagen. Han hadde ei sterke interesse og kunnskap om slekt og gardar i bygda, og var eit levande leksikon for alt som vedkjem folkekunst og bygdeliv. Historiene var mange, og humoren hans var raus og råkande.

Som voksen tok han mange tak for Valdres Folkemuseum og sat m.a. i styret i 16 år. Han såg enkle og praktiske løysingar på kompliserte utfordringar, men kunne og problematisere om han fann løysingane vel lettbeinte.

I lag med Trygve Bjørgo og Torleiv Bolstad drog han i gang Folkemusikk-nemnda for Valdres og gjorde grunnleggjande og viktig arbeid for folkemusikkarkivet vårt. Resultatet av dette arbeidet ser me dagleg på arkivet, ein mannsalder etter at det tok til.

Olav Jørgen var oppteken av å formidle folkemusikkarven til fleire, og vart m.a. nytta som rådgjevar i fjernsynsprogram. Han var gjest i platebiblioteket i NRK, og han spelte inn fleire folkemusikktimar, på ulike steg i karrieren. Som kurshaldar, kappleiksdomar og spelemann gjorde Olav Jørgen ein innsats i fleire av spelemannslaga i Valdres. Største oppgåva fekk han som leiar av landskappleiknemnda i 1992, ein kappleik som på mange vis sette spor etter seg og peika framover i kulturarbeidet.

Han hadde nære spelemannsvener frå ulike bygder, og gjennom giftarmålet med Mary var han nær knytt til hardingfelemiljøet i Amerika

Men sjølv om Olav Jørgen no er borte, så er det dette unike og varme ved tradisjonsmiljøet vårt: Ingen blir gløymd som har gjeve oss vakker og varig musikk.

Som spelemann før han, som han akta så høgt, blir han ein del av den grunnmuren me vidare skal bygge slåttane og musikken vår på. Olav Jørgen bygde bokstaveleg tala grunnmurane sine så dei skulle stå i all æva. Slik blir det og med slåttearven etter han.

TAKK for innsatsen din for kulturarven vår, Olav Jørgen!

*Elisabeth Kværne*



# TRYLLEFLØYTA – DEN FANTASTISKE FOLKEOPERAEN

## ***–Marit Mattisgard i stjernegalleriet***

Dette kunne like godt vore overskrifta på framsyninga som i haust har bergteke heile Noreg. Me var mange valdrisar som tok turen til Ål kulturhus onsdag 26. oktober. Forventningane var skyhøge. Rykta frå dei som hadde sett premiera, sa berre ein ting: gled dykk. Oppsettinga var eit samarbeid mellom Rikskonsertane i Noreg, Riksteatern i Sverige og Västanå Teater i Sverige. Høvet var 100-årsmarkeringa for norsk sjølvstende. Ei betre bursdagsgåve kunne ein neppe få.

## ***– stor stjerne***

Mozart, Leif Stinnerbom, Harv, dei beste songarane og dansarane i landet, og sjølv sagt – vår eiga Marit Mattisgard. Song-gullfuglen frå Vølbu stod fram som ei verdsstjerne. Men det gjorde også dei andre aktørane i den tre timer lange folkeoperaen. Tryllefløyta baud på dei klassiske problemstillingane om det vonde og det gode. Og utøvarane song og dansa seg gjennom eld og vatn på ein slik måte ingen andre har gjort før dei. Utøvarane og regissør Leif Stinnerbom imponeerer nok ein gong. Det gjer også kostymearansvarleg Inger Stinnerbom og scenograf Lars Jacob Jakobsen. Dei trekkjer handlinga inn i eit mytisk, arkaisk ur-landskap, like mykje Afrika og Asia som Europa og Norden.

## ***– avviser rykte***

Og på Ål som alle andre stader i landet kunne framsyninga vore spelt minst tre gonger. Etterspurnaden har vore overveldande, men til Valdres kom oppsettinga altså ikkje. Sjef for kulturhuset på Fagernes, Aud Åstveit, er derimot lei rykta om at



Ternene Marit Mattisgard, Kirsten Bråten Berg, Gro Kjelleberg Solli omkransar prinsesse Silja, Øyonn Groven Myhren.  
(Foto: Rikskonsertane)

Fagernes takka nei til tilbod om oppsettinga.

– Fagernes er ikkje fast spelestad for Rikskonsertane. Det har me aldri vore. Derfor fekk me heller ikkje tilboden om ”Tryllefløyta”, seier Åstveit i ein kommentar til Låt o’ Link. Prosjekteiar i Rikskonsertane, Helge Fløtten, stadfester at Fagernes kulturhus ikkje fekk eit formelt tilbod om oppsettinga.

– Tilboden gjekk i fyrste omgang ut til dei store kulturhusa i landet. På den lista var ikkje kulturhuset på Fagernes. I tillegg er kulturhuset på Fagernes i minste laget, seier han til Låt o’ Link.

## KJEMPEDANSEN

Fredag 18. november arrangerte Vårflaumen spel- og dansarlag og Valdres folkemusikkarkiv konsert på Åbjør grendehus, under tittelen «kjempedansen». Musikk etter Ragnhild Olsdatter Viken og Bendik i Nø’n vart framført av Valdres folkemusikkgruppe, Gyda Grøndalen Hoffman, Elisabeth Kværne, Ingar Ranheim og tre unge langeleikspelarar.

Valdres-langeleiken som var oppdaga på veggen i prinshytta i Sikkilsdalen, vart naturlegvis omtala, i tillegg til andre oppklarande «hemmelegheiter» frå lokalområdet. Omrent 50 tilhøyrarar fekk oppleva stemningsfull, lun musikk i eit gammalt og triveleg lokale. Kaffi og kaker vart servert etter konserten, og nokre dansarar dansa til flotte feletonar etter traktementet. Det var ein triveleg og vel-lukka kveld for alle som tok turen til Åbjør denne fredagskvelden.




Grendahuset i Åbjør formeleg glødde då kjempedansen vart framført der ein mørk novemberkveld.  
(Foto: Knut Opheimsbakken)

Hallgeir Rogstad

## Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Stein Ivar Overgård	61 34 70 05 (p)	913 66 177	
Einedal spel- og dansarlag				
Våldeskvelven spel- og dansarlag	Kari Hagseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	
Vålreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Astrid Olga Bråten	61 34 33 14 (p)	900 64 316	astrid.bråten@sensewave.com
Vårflaumen spel- og dansarlag	Hallgeir Rogstad / Gunnar Kværne Amundsen	996 07 878 / 971 85 725		h@rogstad.net hjelleguten@hotmail.com
Oystre Slidre spel- og dansarlag	Jorunn Nordli / Magny Smedsrød Karlberg	61 34 22 66 (p) 61 34 24 48 (p)	418 02 584	jorunn.nordli@posten.no
Vålres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audubr@online.no
Jørn Hilme-stemmet	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@tiscali.no
Strunkeveko	Aud Soyland	61 36 25 56 (p)	990 37 584	aud.soyland@bbnett.no
Landskappleiken 2006	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@tiscali.no
Valløg i tradisjonsdans	Tone Voldhaug	992 33 979		tvoldhang@hotmail.com
Vfl og Jørn Hilme-stemmet, dagleg leiar	Solveig Håndnes	61 36 46 71 (a)		vfl@sensewave.com
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Valdres Folkemusikkaktiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
LFS	Randi Skeie Ljones	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no



RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES